

Sak: 27-19. Strategiplan 2020-2023 – tilråding.

Tilråding til vedtak:

Styret rår representantskapet til å godkjenne Strategiplan 2020-2023, slik den ligg føre, med handlingsplanar for første år i perioden.

Saksutgreiing

I tråd med vedtektene § 7.4. er det representantskapet som skal fastsette overordna mål og retningslinjer for selskapet. Sist representantskapet hadde sak om dette med analyse og handlingsplandel, var våren 2015 for perioden fram til 2020.

Strategiplan for VØR er å sjå på som ein kommunedelplan, som skal handsamast ein gang i valperioden, medan handlingsplanen skal rullerast årleg.

Vi har laga strategiplanar tilbake til 2001, og har både i 2015 og no lagt opp til at den vert handsama sist i perioden fordi representantskapet på det tidspunktet har best opparbeida kompetanse. Det nye representantskapet må sjølv avgjere om dei vil ha dette annaleis i neste periode.

Vi har utarbeida forslag til ny strategiplan for perioden 2020 – 2023 etter same oppbygging som sist. Relativt klare og konsise handlingsplanar som ligg langt framme i planen og ein faktadel som underbygger tilrådinga med oversikt over venta utvikling i materialgjenvinninga.

Kommunikasjonsplan og handlingsplan for kommunikasjon er ein del av planen, men ligg for seg, då den forteneiar eigen omtale som eit av fundamenta i satsinga på meir sortering og betre miljø.

Petter Bjørdal
Dagleg leiar



Vedlegg:

Strategiplan 2020-2023 med handlingsplan 2020.
Prognose for gjenvinningsgrad 2019-2023